**Budsjettforslag frå Senterpartiet**

<table>
<tr><td></td><td>Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettvedtak</td><td>Forslag til endring:</td></tr>
<tr><td>1.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til driftsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 slik det ligg føre.</td><td>Med følgjande endringar (tal i heile tusen):
<table>
<tr><td>Konto / avdeling / prosjekt</td><td>Inntekt</td><td>Utgift</td></tr>
<tr><td>Ny stilling som landbruksrådgjevar, sjå verbalpunkt nr. 14</td><td></td><td>750</td></tr>
<tr><td>Stilling som psykolog</td><td></td><td>721</td></tr>
<tr><td>Stilling, rus og psykisk helse</td><td></td><td>709</td></tr>
<tr><td>Innbyggjar service</td><td></td><td>900</td></tr>
<tr><td>Harmonisering og reduksjon av spesialundervisning, sjå verbalpunkt nr.18</td><td></td><td>1500</td></tr>
<tr><td>Spesialpedagogisk hjelp barnehage, verbalpunkt nr 19</td><td></td><td>2000</td></tr>
<tr><td>Tam, sjå verbalpunkt 20</td><td></td><td>300</td></tr>
<tr><td>Harmonisering av kjøkken, verbalpunkt 21</td><td></td><td>574</td></tr>
<tr><td>Feriestengt avlastningssenter</td><td></td><td>334</td></tr>
<tr><td>Redusert honorar for utvalleiarar</td><td>210</td><td></td></tr>
<tr><td>Omorganisering, kommunedirektørområda</td><td>2000</td><td></td></tr>
<tr><td>Tilskot til kyrkeleg fellesråd, verbalpunkt 11</td><td>5578</td><td></td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>2.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtek kommunedirektøren sitt framlegg til investeringsbudsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 slik det ligg føre.</td><td>Med følgjande endringar (tal i heile tusen):
<table>
<tr><td>Konto / avdeling / prosjekt</td><td>Inntekt</td><td>Utgift</td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td></tr>
<tr><td></td><td></td><td></td></tr>
</table></td></tr>
<tr><td>3.</td><td>Skatt til kommunen vert skrive ut med maksimalsatsane.</td><td></td></tr>
<tr><td>4.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til diverse investeringar med kr 120 mill i 2021.</td><td></td></tr>
<tr><td>5.</td><td>Øygarden kommunestyre vedtek låneopptak til vidareutlån (Startlån) med kr 85 mill i 2021.</td><td></td></tr>
<tr><td>6.</td><td>Med heimel i eigedomsskattelova (esktl) § 2 skriv kommunestyret ut eigedomsskatt for året 2021. For eigedomsskatteåret 2021 skal det skrivast ut eigedomsskatt</td><td></td></tr>
</table>

| | | |
|---|---|---|
| | berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. esktl § 3 første ledd bokstav c.<br><br>Kommunen vil i 2021 skriva ut eigedomsskatt på eit «særskilt fastsett grunnlag» i samhøve med overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2021 vera lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.<br><br>Kommunen vil i 2021 skriva ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 blei rekna som næringseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 andre ledd.<br><br>Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2021 er 7 promille for skatteobjekt i gamle Øygarden kommune, 6 promille for skatteobjekt i gamle Fjell kommune og 5 promille i gamle Sund kommune.<br><br>Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vedteke i kommunestyret 19.12.2019 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2021, jfr. esktl § 10.<br><br>Eigedomsskatten vert skriven ut i 4 terminar jfr esktl § 25 første ledd. | |
| 7. | Gebyr og brukarbetaling, vedteke i eigen sak, vert gjort gjeldande for budsjett 2021. | |
| 8. | Tilskot til Øygarden brann og redning KF er på kr 29 216 000 for 2021. | |
| 9. | Tilskot til Øygarden bustadutvikling KF er på kr 1 800 000 for 2021. | |
| 10. | Tilskot til Øygarden næringsutvikling KF er på kr 3 500 000 for 2021. | |

| | | |
|---|---|---|
| 11. | Tilskot til Øygarden kyrkjelege fellesråd er på kr 29 778 000 for 2021. | Tilskot til kyrkjelige fellesråd vert justert ned til kostratall for landet utan Oslo (559+85) |
| 12 | Kommunestyret vedtek budsjett for kontrollutvalet, kr 1 666 000 i tråd med framlegg frå kontrollutvalet. | |
| 13 | Kommunestyret sluttar seg til prinsippet om å ta i bruk sluttpakkar og oppseiingar som tiltak for å oppnå ein berekraftig økonomi i tråd med omtale i budsjettdokumentet. Før iverksetjing skal vilkåra godkjennast av administrasjonsutvalet.<br><br>budsjettdokumentet. Før iverksetjing skal vilkåra godkjennast av administrasjonsutvalet. | |
| 14 | Landbruksrådgjevar | Det vert oppretta eigen stilling landbruksrådgjevar med særskilt ansvar for oppfølging og rettleiing av verksemdene innanfor landbruk og skogbruk i kommunen |
| 18 | Harmonisering og reduksjon av spesialundervisning | Både spesialundervisning og norskopplæring er viktig for inkludering og integrering i samfunnet vårt. Om vi skal forvente at dagens unge vert vaksne som kan bidra i felleskapet, må ein ta eit steg tilbake å vurdere nøye kva tidleg innsats verkeleg betyr. Ved å gjere drastiske kutt i hjelpa til dei svakaste vil ein i praksis skyve problemet framfor seg til ein til slutt er tvungen å ta tak i det under eit anna tenesteområde, og moglegvis til ein mykje høgare pris. |
| 19 | Spesialpedagogisk hjelp barnehage | Senterpartiet vil behalde spesialpedagogisk hjelp i barnehage. Kommunedirektøren skriv sjølv at kommunen har eit relativt høgt omfang av spesialundervisning i grunnskulen og svarer med å ta vekk det økonomiske grunnlaget for spesialpedagogisk støtte i barnehagen. Senterpartiet meiner det vil være naudsynt å behalde spesialpedagogisk hjelp i barnhagen for å forebygge og kanskje redusere behovet i grunnskulen. |
| 20 | Tilskot til Tam | Kutt i eksterne tiltak som tilbyr gode alternative løysingar til spesialpedagogisk oppfølging i skulen er risikabelt. Her ynskjer ein å fjerne eit godt tilbod til dei elevane som treng det og ei nødvendig avlasting for dei skulane som har elevar med særskilde behov. Dette sett i samanheng med at ein skal effektivisere det spesialpedagogiske tilbodet i kommunen gjer grunnlag for bekymring. Om kommunen vel å ikkje nytte seg av slike lokale aktørar kan grunnlaget for drift verte så begrensa at ein vert tvungen å legge ned. Dette vil føre til at kommunen taper verdifull kompetanse som er heilt nødvendig i eit samansett tilbod til dei unge som slit i kommunen vår. |
| 21 | Harmonisering av kjøkken | Kommunedirektøren foreslår å harmonisere kjøkkendrifta ved å kutte ei stilling. Dette er ei teneste som bl.anna tilbyr utkøyring av mat til eldre som bur heime. I |

| | | |
|---|---|---|
| | | Øygarden kommune vert vi fleire eldre, og i åra framover vil denne auka i eldre vere utfordrande for kommunen. Ein baserer seg på at dei som eldast skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer. Øygarden Senterparti meiner at heimkjøyring av mat er ei grunnlagjande teneste for å få dette til, og meiner vi må behalde dei tilsette her. |